

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:
Tal prenta vedlegg: *
Tal uprenta vedlegg: *

Vestlandsforsøket - årsrapport 2004

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

Vestlandsrådet tek årsrapport 2004 for Vestlandsforsøket til orientering.

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:
Årsrapport 2004 – Statens vegvesen Region vest

Saksframstilling

Bakgrunn:

Statens vegvesen Region vest har utarbeidd årsrapport for 2004, det første forsøksåret. Om postane 31 og 60 (den del som vedkjem Vestlandsforsøket) heiter det:

”2.1.3 Post 31 Tilskot til rassikring

	Overført tildeling frå vegdir registrert i Vegdir	Tildeling for året frå vegdir registrert i Vegdir	Sum til disposisjon	Rekneska p hittil i år	Korr. Fylke 00	Sum rekneskap	Budsj for året	Avvik (Til disposisjon + prognose)
00 Uspesifisert	0	0	0	69	-69	0	0	0
11 Rogaland	-40 390	0	-40 390	28 012		28 012	32 680	-12 378
12 Hordaland	-13 414	0	-13 414	12 765	69	12 834	14 983	-580
14 Sogn og Fjordane	2 770	0	2 770	-2 770		-2 770	-2 770	0
Sum	-51 034	0	-51 034	38 076	0	38 076	44 893	-12 958

Resultatet viser eit mindreforbruk på 13 mill. kr. i 2004. Avviket skuldast i det vesentlege forseinka oppstart på rv 503 Gloppedalen.

2.1.4 Post 60 Forsøk

Fylke	Overført tildeling - registrert i Vegdir	Tildeling for året - registrert i Vegdir	Til disposisjon	Rekneska p hittil i år	Rekneskap korrigeri ng fylke 00	Sum rekneskap	Budsjett for året	Avvik (Til disposisjon + rekneskap)
00 Uspesifisert	18	0	0	14	-14	0	0	0
11 Rogaland	0	-80 400	-80 400	74 375		74 375	87 819	-6 025
12 Hordaland	0	-169 100	-169 100	149 139		149 139	172 619	-19 961
14 Sogn og Fjordane	0	-38 100	-38 100	31 534	14	31 548	39 582	-6 552
Sum	18	-287 600	-287 600	255 062	0	255 062	300 020	-32 538

Det er mindreforbruk på 32,5 mill. kr på post 60. Dette skuldast i det vesentleg for sein oppstart på sekkepostprosjekt.”

Mindreforbruket er overført til 2005. For å unngå tilsvarende situasjon i 2005 har Statens vegvesen sett i gang tiltak som f eks å få ut anbod tidlegare på året enn tilfellet var i fjor.

Fylkesrådmannen si tilråding

Etter Statens vegvesen si omorganisering 01.01.2003 med utskiljing av eiga produksjonseining må alt arbeid ut på anbod. Fylkesrådmannen har difor forståing for at det i ein overgangsfase har vore vanskeleg å få klargjort alle anbod til rett tid. Det er positivt at Statens vegvesen nå har fått retta opp dette for 2005. Fylkesrådmannen rår til at årsrapporten vert teken til orientering.